

Utkast til høyringssvar til NOU 2013:1 Det livssynsåpne samfunnet

Frå Sirdal kyrkjelege fellestråd

Tilnærming og prinsippa

Vi er glade for tilnærminga: Det livssynsåpne samfunnet. Glad at utvalet tek som utgangspunkt at samfunnet ønskjer openhet og synlegheit i høve til livssyn og tru. Glad at ein ikkje vel ein «fransk» modell. Tru og livssyn opplevast av mange som veldig grunnleggjande i livet. Difor er det viktig at både trus- og livssynssamfunn og enkeltindivid kan vere opne og synlege i samfunnet. Her meiner vi det er viktig å understreke den sosiale sida ved trussamfunn og livssynssamfunn og ikkje berre sjå på på dette ut frå individet sine rettar. Prinsipp nr 8 om at einkvar bør akseptere å bli eksponert for andre sitt trus- og livssynspraksis i det offentlege rom er dermed og viktig.

Vi er og glad for prinsippet om at staten skal spele ein aktiv og støttande rolle i høve til trus- og livssynssamfunn. Vi deler ellers langt på veg utvalet si oppfatning om dei åtte prinsippa for trus- og livssynspolitikken. Likevel er vi prinsipielt skeptiske til at økonomisk støtte skal vurderast opp mot sokalla sentrale fellesverdier som demokrati, menneskerettar, likestilling, rettsstat, ikkje-diskriminering. Ein står i fare for å ikkje likebehandle dersom økonomisk støtte er avhengig av dei rette politiske standpunkta. Det er sers viktig at minoritetane sin fridom vert godt ivareteke.

Økonomi og tilskot

Vi trur det er mykje å vinne på at kommunane framleis skal ha finansieringsansvar for trus- og livssynssamfunna i lokalmiljøet. Trus- og livssynssamfunn vert av mange kommunar sett på som ein viktig lokal ressurs. For at dette skal vere slik i framtida også, trur vi det er viktig med nærleik mellom dei som bevilgar pengar og mottakarane. Denne nærleiken gjer også at dei som bevilgar pengane betre ser behova som finns lokalt, enn om finansieringa vert rive laus frå lokalmiljøet.

Vigselsrett

Det store talet på par som framleis let seg vie i kyrkja, talar for å halde fram med dagens praksis. Det er ein lang tradisjon i Norge at trus- og livssynssamfunn har vigselsrett. Samstundes finns andre mogelegheit for dei som ynskjer ein annan ramme for inngåing av ekteskapet. Dermed er det i dag full likebehandling på dette området.

Dersom Den norske kyrkja skulle miste denne retten, vil det gå ut over økonomien til den lokale kyrkja. Det vil igjen føre med seg at dei som framleis ønskjer ein livssynsforankra seremoni, må betale for det. Men her er det viktig med full likebehandling av alle trus- og livssynssamfunn.

Gravplass

Vi meiner Den norske kyrkja framleis skal ha ansvar for å forvalte gravplassar. Dette har vore drøfta fleire gonger før, og ein har kvar gong landa på at kyrkja framleis skal ha denne oppgåva. Det finnes viktig kompetanse i kyrkja knytt til gravferd og gravplass, og dette er ein praksis dei aller fleste er nøgd med i dag. I tillegg ligg tre av fire gravplassar hos oss i nær tilknytning til kyrkjene våre, slik det og er mange andre stader i landet. Så lenge det er mogeleg å skipe til gravferdsseremoni i andre rom enn kyrkjeromma og utan medverknad frå Den norske kyrkja, kan vi ikkje sjå at det er eit problem at kyrkjeleg fellestråd forvaltar gravplassane.

Kyrkja og skulen

Vi seier ja til fortsatt samarbeid mellom kyrkja og skulen, ut frå fleire grunner: For det første har kristendomen sett tydelege fotavtrykk i landet vårt gjennom mange hundre år, og kyrkja vert dermed ein viktig kulturberar og kulturinstitusjon. Identitetsdanning hos born og unge inneber også kjennskap til desse viktige fotavtrykka som er sett gjennom historia. For det andre er framleis om lag tre av fire nordmenn medlemmer i Den norske kyrkja. Sjølv sagt skal dei som til dømes ikkje ønskjer å ta del i skulegudstenester kunne be seg fri. Det er ikkje rett at majoriteten skal styre over minoritetar. Det skal vere likebehandling av alle. Men vi spør oss om det ikkje vert minoritetar som styrer over majoriteten dersom til dømes skulegudstenester må opphøre fordi eit mindretal ikkje ønskjer dei? Det som er viktig her, er at det er fullt mogeleg å få fritak for dei som ikkje ønskjer å vere tilstades, og skulen pliktar sjølv sagt å gje desse elevane eit fullgodt alternativ.

Men vi meiner altså at det samstundes er viktig å tenke kva som fungerer bra for eit stort fleirtal. Ikkje som eit privilegium for Den norske kyrkja, men som eit positivt bidrag for veldig mange, både aktive og mindre aktive, medlemmer og ikkje-medlemmer i Dnk. Så kviler det eit stort ansvar på både storsamfunnet og kyrkja for at minoritetane kjenner seg rekna med, respektert og ivareteke.

Det bør framleis vere både rett til og støtte til ideelle friskular.

Tilhørige og tilskotsberettiga medlemskap

Fødselsmelding om trustilhørighet bør framleis sendast frå sjukehuset til Den norske kyrkja. Men ikkje berre til Den norske kyrkja. Denne praksisen bør i staden utvidast til alle trus- og livssynssamfunn. Kvifor kan ein ikkje spørje foreldra om trus- og livssynstilhørighet i eit livssynssope samfunn? Det vert sagt at Datatilsynet er skeptisk til ein slik praksis. Vi meiner dette er eit praktisk problem som let seg løyse. Ein kan ikkje la praktiske problem ligge til grunn for å endre denne viktige ordninga. Sjølv sagt skal ein respektere dei foreldra som ikkje vil oppgje dette.